



Målingar vart føreteke også i lærarane sitt arbeidsrom

Tekniske tenester i kommunen har føreteke nye målingar av lufta i skulen etter at det mekaniske avtrekksanlegget vart sett i drift. Konklusjonen til driftsingeniør Knut Bjørgvik er at luftutskiftinga i klasserom som ikkje har ventilasjonsanlegg raskt overstig grenseverdien på 1000 ppm.

Etter at avtrekksanlegget vart starta er CO₂-førekosten redusert noko men ikkje under krava. I dei mest ålvorlege høve er den målt heilt opp mot 1600.

Målingane synar at det må iverksettast tiltak på dei romma som ikkje har ventilasjonsanlegg.

Bjørgvik peikar på mogelege tiltak som innsetjing av ventilasjonsanlegg, at ein unngår dobbelttimar, luftar med opne vindauger i kvart friminutt, luftar kort i timane eller seinkar temperaturen ned til minimum av anbefalte verdier.

Målingane har funne stad i arbeidsrommet og klasseromma Skårhaug, Englafjell, Halsatoppen, Gråfjell og Storhaug. Målaren sto i arbeidshøgde ein heil skuledag og samla inn data om CO₂-nivå, temperatur og luftfuktigheit.

Når det gjeld feilkjelder varierar verdiane i forhold til personalbelastning, varme kjelder og værsituasjon

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen